

NATUR OG KULTUR

Vidsyn



Foto: Guro Lien

SKULPTUREN VIDSYN Skulpturen Vidsyn er laga av kunstnaren Hilde Mæhlum og er meint å vera til glede og forundring for fastbuande og farande folk. Den polerte fram-sida av skulpturen er nemleg omvendt! Nasen går innover! Frå vårt fyrste år har hjernen lært seg at nasen på folk går utover og at augo ligg innafor. Men går du ein stubb unna, slappar av og myser med augo, så tek hjernen over og rettar opp det range. Nasen kjem utover og hjernen din har laga den fornuftige versjon av skulpturen – inni deg! Og kanskje enda rarare: går du sakte forbi og ser på skulpturen heile tida, så fylgjer han deg med augo. Står du austafor skulpturen ser han austover, står du vestafor ser han vestover! Han heiter såleis "Vidsyn" med rette.

KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

BORNAS SETER VIERLI: Opplev geiter, kaninar, ender og høns på nært hald.

Foto: Rauland Skisenter



NATUR OG KULTUR

Verdsarvområde




Foto: Guro Lien

FRÅ VIDSYN ser du utover vasspegelen Møsvatn. Visste du at dette området er på UNESCOs verdsarvliste? Her har det vore drive banebrytande verksemd basert på vasskraft i over 100 år! Som verdsarvstad formidlas historia om vatnet som vert omgjort til elektrisk kraft på sin veg frå høgjellet til havet, historia om framveksten av velferdsstaten Noreg – som gjekk frå fattigast til rikast på 100 år. Møsvatn vart demt opp tre gonger frå 1903 og er opphavet til industrieventyret på Rjukan – Notodden; ein manifestasjon av korleis innovasjon, kapital og menneskeleg skaparkraft forma ei grunnleggjande ny verkelegheit. Eit Vidsyn med rette!

www.vandretelemark.no www.visitrauland.com

Ansvarleg utgivar er VTNU AS og Vinje kommune med støtte frå



Layout: Nina Aleksveen / Trykk: Erik Tørriche Nilssen as

4 KM RUNDLØYPE / 1,5 TIME

MIDDELS KREVJANDE ➔



Rauland – Telemark

TURMÅL **Vidsyn-Oksatjønn**

TEMA **Skulpturvandring – Vidsyn**



Foto: Guro Lien

KVELDSKOS ved Oksatjønn.

Foto: Guro Lien

ILLUSJON! Vonar at hjernen din rettar opp det som ser rangt ut. Kunstnar er du sjølv!

Foto: Guro Lien



Om turen

TUREN STARTER ved Vierli Kafeteria ved undergangen under fylkesvegen. Følg merka tursti til toppen av Vierlinuten (1100 m.o.h.). Her finn du skulpturen Vidsyn. Ta ei pause her og nyt det fantastiske utsynet over Hardangervidda og Raulandsfjell. Følg stien vidare over åskammen mot Oksatjønn. Løypa er delvis opparbeida med grus og går over i tørr sti. Det er nokre myrområder undervegs med klopper. Stien er godt merka og kan forlengast med å gå rundløypa Silkeldalen (4 km).

På Vierli er det og turorientering for borna. Løypa har 8 postar i området rundt Vierli Kafeteria og alle som fullfører får diplom og ein liten premie.

Køreforklaring

Følg Fv 37 frå Krossen i Rauland til Vierli (11 km).

P Parkering ved Vierli Kafeteria.



R

Rauland



For oversikt over vandrarvennleg overnatting, sjå www.vandretelemark.no



Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs. Ta omsyn til naturen og beitande dyr. Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!



Kart over området: Turkart Rauland 1: 30 000.
Høgaste punkt: 1100 m.o.h.



= merkt sommarløype



Hugs bandtvang
i perioden 01.04-10.10.



Sesong:
Juni-september.



OPPDEMNINGA fekk store konsekvensar for innbyggjarane. Frå å bu i ei naturskjønn fjellbygd vart dei plutseleg øybuvarar. Den no veglaise bygda har vatnet som veg, både sommar og vinter. Når du nyt utsynet kan du sjå for deg gardar, staular og beitelandskap som ligg gøymd under vasspegelen (sjå panoramabildet under).



Foto: Guri Lien